



www.voss.kyrkja.no

Nr.6 | 2020 | 79 årg.

KYRKJENYTT

for Vossabygdene



Visitas

Nokre dagar i veke 39 heldt biskop Halvor Nordhaug visitas i Voss. Den vart avslutta med gudsteneste i Vinje kyrkje sundag 27. september. Les om kva som skjedde under visitasen på **sidene 4-6.**

T-sidene

Sidene denne gongen fortel om T12/13 Movienight på Voss, T4 i Vonheim og Oppheim, T8/9 i Granvin og T9 på Stronde. **Sidene 9-11.**

Hauststell av graver

Kva bør du tenkja på ved gravene i haust. Her kjem mange gode råd om vasking og blomar. **Side 7.**



DET ER NOE MED FLEISCHER'S

Hit kom de, prinser og prinsesser, konger og dronninger, fyrster og keisere. Til Voss. Til sin forbauselse ankom de så et hotell med en forunderlig velkjent atmosfære av fornemme, kontinentale vaner, av dannet gjestfrihet.

MED TRADISJON
FOR STORSLAGNE
BEGIVENHETER

ANNO
1864



56 52 05 00 hotel@fleischers.no fleischers.no



Kyrkjekontoret:

Kontortid mandag, onsdag, fredag 9-15.
Opningstidene kan verte endra på kort varsel
grunna korona-situasjonen.
Uttrågt. 5, pb 49, 5701 Voss
Telefontid mandag-fredag 9-15.
Telefon 56 52 38 80
www.voss.kyrkja.no, post.voss@kyrkja.no
konto.nr. 3480.16.45293
Kontorleiar Vibeke Lemme

922 45 274

e-post: vl454@kyrkja.no

Kyrkjeverje Svein Tøsse

959 79 905

e-post: ST545@kyrkja.no

Trusopplæringsmedarbeidar Åshild Bøe Kharazmi

952 98 681

e-post: AK649@kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog Camilla M Velsvik

995 18 194

e-post: CS222@kyrkja.no

Kateket Rønnaug Eng Skjeldal

952 62 025

e-post: RS625@kyrkja.no

Diakon Sigrid Djukastein Mala

478 49 134

e-post: SM435@kyrkja.no

Ungdomsprest Vetle Leksbø

947 93 477

e-post: VL555@kyrkja.no

Kantor Astrid Gjestvang

958 56 414

e-post: AG678@kyrkja.no

Organist Frode Vik

952 62 084

e-post: FV586@kyrkja.no

Organist Vossestrand Ellen Marie Selland Geithung

980 64 594

e-post: EG395@kyrkja.no

Kyrkjetenar Bolstad Anny Forthun

481 36 520

Kyrkjetenar Evanger Orlaug Styve

414 75 383

Kyrkjetenar, Voss Thomas Velsvik

414 75 383

Kyrkjetenar Oppheim/Vinje Kjell Kr. Øyre

901 12 538

Gravar Vidar Bryn 996 00 940

Oppsynsmann for kyrkjegardane Hege Ukvitne

918 74 201

Kontormedarbeidarar: Idunn Holen, Lene Brunborg
og Randi Kløve

Prestetenesta:

Kyrkjekontoret på Voss, Uttrågata 5

tlf sentralbord 56 52 38 80

Prost i Hardanger og Voss Arild Hellesøy

906 99 533

e-post: AH539@kyrkja.no

Sokneprest i Voss Anders Hove

414 68 493

e-post: AH657@kyrkja.no

Sokneprest i Ulvik/Granvin Magnar Haaland

415 46366

e-post: MH977@kyrkja.no

Sokneprest i Vinje/Oppheim/Raundalen

Cato Torsvik

974 23 459

e-post: RT682@kyrkja.no

Prostiprest Arnulf Sandvik

416 75 658

e-post: AS794@kyrkja.no

Sokneprest i Evanger og Bolstad Frode Kvamsøe

901 96 514

e-post: fk796@kyrkja.no

Soknerådsleiarar:

Evanger: Nora Mykkeltvedt 952 79 970

Voss: Bjørg Helland 938 56 326

Oppheim: Monica Gudrun Hansen

957 58 204

Vinje: Ståle Hirth

950 84 902

Raundalen: Johnny Lemme

401 82 912

Granvin: Sigvor Melve Schrey

911 32 608

Kyrkjenytt utgjeve av:

Voss Kyrkjelege Fellesråd saman med Evanger,
Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin
sokneråd

Besøksadresse:

Kyrkjekontoret, i Uttrågata 5

Postadresse: Pb. 49, 5701 Voss

Epost: kyrkjebladet@voss.kyrkja.no

Kontonr: 3480.16.45293

Telefon (red.) 915 98 410

Redaksjonsnemnd:

Heidi Hisdal, Anne Marie Haugen, Gunn Horvei,
Eva Kløve, Einar Melve og Arne Mosefinn (red.)

Grafisk produksjon:

Voss Prenteverk. Opplag: 7300 eksemplar

Neste nummer:

Neste nr. vert jolenummeret Jolekveld i kyrkjelyden.
Det kjem ut i veke 48. Frist for melding om stoff er
5. november.

Framsidedilete:

Biskop Halvor Nordhaug i Vinje kyrkje
Foto: Arne Mosefinn



“Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile.” Matt 11.28

Av Kåre Johan Hamre

Det er ei varm og sterk innbyding som møter oss i desse versa: “Kom til meg...”

Kanskje tenkjer du at invitasjonen frå Jesus fyrst og fremst gjeld eit avgrensa område i livet ditt; eit punkt der du slit og treng konkret hjelp. Og det er sant - vi kan koma til Jesus med alle ting!

Men innbydinga gjeld meir enn det! Det ser vi av framhaldet:

“Ta mitt åk på dykk og lær av meg, for eg er mild og mjuk i hjarta; så skal de finna kvile for sjelene dykkar. For mitt åk er godt, og mi bør er lett” (vers 29-30)

Med “åk” ser eg for meg trestykket som låg over nakken på oksane når ein pløgde. På same måten innbyr Jesus oss til å gå saman med han, heile livet. I 1. Kor 1.9 heiter det: *“Gud er trufast, han som kalla dykk til samfunn med sin Son, Jesus Kristus, vår Herre”*. Det er ikkje noko mindre Gud kallar oss til, enn dette: Samfunn med Jesus! I dette samfunnet kan eg dagleg koma fram for han med alt det som ligg meg på hjarta.

GUDS BARN

Kva gjev så Jesus til den som tek imot innbydinga om å koma til han? I Joh 1.12 heiter det: *“Men alle som tok imot han, dei gav han rett til å verta Guds born, dei som trur på namnet hans.”* Ved trua på Jesus, ved å ta imot han, gjer Gud meg til sitt barn. Legg merke til uttrykket: “RETT TIL”. Der er ikkje noko eg har funne på sjølv. Den som tek si tilflukt til Jesus, veit: Eg er Guds barn med rette - Gud sjølv stadfester det i sitt ord.

TILGJEVING FOR SYNDENE

Ein eldre sokneprest var ved eit høve invitert til å halda andakt i Ynglingen i Bergen (historien har eg

høyr av presten O. Oma). Soknepresten fortalde følgjande: - Eg er fødd og oppvaksen i Knøse-smauet. Der er det så trangt at eg kunne stå midt i gata og ta i husveggene på begge sider! Ein gong det hadde snø, laga eg ein snøball og sende avgarde på måfå. Snøballen treffe ei rute, så ho gjekk i tusen knas. Ein mann kom ut og knytte neven mot meg. -Eg skal seia det til far din, og då tenkjer eg du skal få! Då vart eg så redd, fortalde presten, at eg våga ikkje gå heim att. Då det vart mørkt, kom faren ut for å leita etter han. Han oppdaga guten inne i eit portrom. Faren gjekk bort til han, la eine armen sin kring akslene hans og sa: - Kom, så går vi heim. Du skjønar, far har betalt ruta!

Det er i grunnen dette Bibelen handlar om. Vår himmelske Far har gjennom Jesus betalt for alle våre synder! Då han døydde på krossen, betalte han rekninga vår og strauk ut skuldbrevet mot oss.

Den som tek imot innbydinga om å koma til Jesus, får tilgjeving for syndene for Jesu skuld.

EIT LEVANDE HÅP

Det er apostelen Peter som brukar dette uttrykket i eitt av breva sine. *“Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som etter si store miskunn har atterfødt oss til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde...”*

Den som tek imot invitasjonen frå Jesus om å koma til han, får eit trygt og sikkert håp som går ut over dette livet. Når tida mi her nede er slutt, vil han henta meg heim til den himmelske herlegdommen.

“Så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv”.



I lufta på eiga hand

Høgtflygande biskop på visitas i Voss

Av Arne Mosefinn

Tirsdag til torsdag 22. – 24. september var biskop Halvor Nordhaug på visitas i sokna i Voss herad. Sondag 27. september heldt han visitasgudsteneste i Vinje kyrkje. Det er 15 år sidan det sist var bispevisitas i Voss.

Det var eit omfattande program som var lagt opp for biskopen. I tillegg til personlege samtalar med dei tilsette, var han på vitjing til Vossestrand omsorgssenter, med på onsdagstreffet i Raundalen kyrkje, hadde møte med kommunen, konvent i Granvin, møte med ein 10.-klasse på Voss ungdomsskule, møte med Refleks og samrådsmøte med sokneråda.

Høgtflyging


Noko av det første han gjorde på Voss, var å fly i vindtunellen hjå Voss Vind. Han var nok litt nervøs på førehand, men med skikkeleg påkledning og instruksjon frå Barton Hardie i Voss Vind kom han seg godt opp i lufta. «Det var kjempekjekt å liggja der oppe og sveva,» seier han etter å ha kome ut av vindtunellen.



Før...



I lufta med hjelp av instruktør



Trompetist William Grøv Skramsett

Samtale med sokneråda

Føremålet med visitasen er å støtta, inspirera og rettleia kyrkjelydane og dei tilsette, og gjera kyrkja sitt nærver synleg i lokalsamfunnet. Dette vart teke opp i samrådsmøtet med sokneråda. Her utfordra han soknerådsmedlemmene til å koma med sine synspunkt i høve det som skjer i kyrkja i Voss. Han tok mellom anna fram gudstenesta: det er viktig å laga ei gudsteneste som folk kjenner seg heime i. Han stilte spørsmålet om det er for mange faste ledd – om det vert for vanskeleg å forhalda seg til alt som skjer. Gudstenesta skal vera ein stad der vi høyrer til – det bør vera ein vane å gå dit – ikkje eit av mange val ein sundags føremiddag. Det er fordi vi treng det – og for å gje Gud ære.

Han tok og for seg dei andre gjeremåla i kyrkjelydane. Han nemnde at det trengs fleire frivillige medarbeidarar, m.a. innan trusopplæring og diakoni. Treng kyrkjelydane ein frivillig-koordinator? Bør det setjast i gang ei gjevarteneste til kyrkjelydsarbeidet? Det er mykje pengar blant folk i Voss, medan den kommunale økonomien vert svakare. Kyrkja kan ikkje lenger venta seg auka løyvingar frå heradet.

Visitasgudsteneste

Sundag vart visitasgudstenesta halde i Vinje kyrkje, då Vangskyrkja er stengt. I tillegg til biskopen, var mange av prestane i Voss med, tre organistar og diakon. Under inngangsprosesjonen spela Astrid Gjestvang og trompetist William Grøv Skramsett preludium «La Majesté» av Telemann. Prost Arild Hellesøy ynskte alle velkomen.

Biskop Nordhaug heldt preika utifrå teksten for dagen frå Joh. 11, 17-29 om då Jesus vekte Lasarus opp frå



Frå nattverdsfeiringa

døden. Han tok utgangspunkt i det at mange bed for sine kjære om at dei må bli friske, men nei – det skjer ikkje. Nokon døyr alt for unge, men i heile verda er det mange som døyr av svolt. Slik er verda. Kor vert det av Gud Fader, den allmechtige og kjærlege? Mennesket er sjølv grunn til mykje av lidinga i verda, men ikkje alt. Kvifor svarar ikkje Gud når vi ber?

- Jesus gjev ingen forklaring på kvifor Lasarus døydde. «Jesus gret».
- Jesus forkynner: «Eg er oppstoda og livet»
- Jesus har makt over det vonde: «Lasarus, kom ut»

Hadde det hjelpt om vi fekk forklaring på kvifor det vonde skjer? Jesus er ein krigar som går i nærkamp med djevelen og det vonde: «Eg er oppstoda og livet». Kristus lid med deg. Jesu oppstode er svaret på det vonde sitt problem.

Under gudstenesta var det nattverd der mange tok del. Samtidig med nattverden song Ellen Marie S. Geithung «Jesus din søte forening å smake», og Frode Vik spela «Elegy» av George Thalben-Ball på orgel. Til postludium spela Frode Vik og William Grøv Skramsett «Trumpet Voluntary» av Jeremiah Clarke.



Biskopen viser fram biletet han har fått av Oppheim sokneråd

Visitaføredrag

Rett etter gudstenesta las biskopen opp visitaføredraget sitt. Her la han fram sine inntrykk frå visitasen, og kom med tilrådingar til kyrkjelydane. Han

meinte m.a. at det burde opprettast eit gudstenesteutval. Dette for om mogeleg å få auka oppslutnad om gudstenestene. Det er viktig å få ungdommane med på gudsteneste. Kanskje bør det i større grad lagast eigne ungdomsgudstenester. Det bør koma regelmessige tilbod til barnefamiliar, kanskje i form av ettermiddagssamlingar med eit måltid.

På Voss bør det startast eit arbeid for vaksne, med trusopplæring, slik at ikkje den kristne kunnskapen vert verande på konfirmanntnivå.

Han oppsummerte innlegget sitt i 6 utfordringar:

1. Vossingar må gå regelmessig til kyrkje.
2. Det må satsast på ungdomsarbeid.
3. Alle kyrkjelydar bør ha misjonsavtale.
4. Arrangera kyrkjedag for unge familiar.
5. Auka talet på frivillige medarbeidarar.
6. Gjevarteneste.

Til slutt var det overrekking av gåver. Frå Vinje sokneråd fekk han ei ugle som var utskoren på Treskjerartunet av Arne Mørkve. Soknerådsleiar Ståle Hirth overrekte gåva, og biskpen meinte det var nyttig å få eit slikt visdomssymbol. Oppheim sokneråd hadde med eit bilete laga av Arvid Norendal med tittelen «Hold rent». Soknerådsleiar Monica Hansen meinte det også låg ein viktig bodskap i dette motivet som er henta frå Stalheim.



Biskopen frå ei ugle som gåve frå Vinje sokneråd v/leiar Ståle Hirth

Høststell av graver



Frå dugnaden på Oppheim kyrkjegard. Foto: Jan-Ove Nordvik

Av Jan-Ove Nordvik

Høsten er her og snart faller snøen i fjellene og rimfrosten biter seg fast nede ved fjorden. Det er gjerne nå vi tenker på hva vi skal eller bør gjøre på graven. Og det er nå det ofte kan være smartest å ta et lite tak.

Rengjøring av gravstein

De aller fleste har en gravstein som etter noen år bør rengjøres. Høsten er den tiden på året der mose, grønske og urenheter lettest slipper. Man vasker steinen best med litt såpevann, gjerne grønnsåpe da denne gjør liten eller ingen skade på plantene nedenfor steinen. Men sitter skitten godt så bruk zalo og/eller litt klor. Bare husk at du er forsiktig nær ornamenter og pålimte bokstaver. Du rengjør aller best med en god gammel skurekost. Husk bare å skylle godt etterpå.

Hva så med blomster?

Det finnes blomster og planter som kan plantes nå. Lyng kan være vakkert, det samme pyntekål - som jo kaldere det blir - jo klarere blir fargene på kålen. Begge disse er relativt billig nå på høsten å kjøpe inn. Ofte er det vakrere med en eller to istedenfor å "fylle" opp plassen foran steinen.

En staude man kan plante er den vakre julerosen som blomstrer ute her vest i desember. Men da er vi nok nede ved fjorden uten for mye snø. Husk at kjøper du en julerose, så er det en fordel med litt god jord å plante den i. Ikke mye gjødsel men 1 teskje skader ikke for en plante som skal blomstre nå i denne

mørketiden. Blir ikke det kaldere enn fem minus så vil denne planten blomstre hele vinteren.

Er du en av de som har plantet en rosebusk på graven tidligere, så opplever du kanskje at den er full i knopp nå; dette er vanlig. La den stå, men avblomstrede blomster skal klippes bort.

Klipp ned til første fem bladene du ser. Veldig ofte har rosene fem blader pr stilk med blader, men nærmest blomsten er det kun tre blader. Klipp de bort. Da vi du gi rosebusken mer energi til å blomstre på de knoppene som er der. Når frosten kommer så dør disse knoppene så du tjener på å hjelpe rosen litt slik.

Men for mange her i Voss Herad så kommer snøen før jul, da kan man tenke vår og lysere tider nå. Krokuser kommer med mye snø over seg og konkurrerer gjerne med snøklukkene om å blomstre først. Også klosterklokker kommer tidlig men de kommer ofte samtidig med påskeliljene. Dette er løk som kommer år etter år og våren kan ofte være lettere å møte når disse blomstrer. På alle pakkene står dybden løken skal plantes i og avstanden til neste løk. Det finnes både tidlige og sene påskeliljer, spør gjerne der du kjøper løkene om ikke det står på pakken. Husk også på at selv om det regnet i går så skal du vanne når du planter løk også.

Lykke til å nyt de vakre høstfargene vi har ute nå.

Nytt frå Etiopia/Misjonsprosjektet



Elevane Sadik Shankó og Zabiba Gela, og læraren Mohammed Abdu.

Av Britt Hernes/Misjonsnemnda

Koronaviruset har hatt stor verknad på livet i heile verda – også i Etiopia. Utdanning er eit grunnleggjande behov og ein rett. På landsbygda har det ikkje vore undervisning på sju månader. Skule på internett eller telefon er ikkje mogeleg. Mange born har heller ikkje fått materiale til undervisning på papir. Foreldra prøver å hjelpa borna med oppgåver i lærebøkene. Men då dei ikkje har utdanning sjølve, så blir det vanskeleg.

Sadik Shankó er 10 år gamal og går i 2. klasse. Han seier at korona gjorde at han måtte slutta på skulen. No hjelper han foreldra med å luka, gjeta, henta vatn og sanla ved. Han saknar skulen. Serleg å leika med vener og læra å lesa med klassekameratane. Nokre gonger les og skriv han litt på eiga hand.

Zabiba Gela går også i 2. klasse. Ho seier at ho hjelper foreldra med husarbeid og jordbruk. Ho kokar også kaffi og lagar mat. Ho saknar skulen og venene. Ho prøver å lesa litt i notata sine, men for det meste vert det ikkje tid avdi det er så mykje å gjera heime.

Almadi Tefera er morsmållærar i språket mao ved Kossa skule. Ho seier at dei ikkje kjem seg gjennom læreplanen på grunn av korona. Det fører til at elevane ikkje kan lesa og skriva på det nivået dei skal. Skulen kan ikkje tilby fjernundervisning av noko, sidan dei ikkje har teknologi til det. Heldigvis, seier ho, har ho sett nokre 8. klassingar som har opna skulebøkene sine for å førebu seg til den nasjonale eksamen.

Mohammed Abdu er også morsmåls lærar i mao. Han er tilsett ved Shewara skule. Han seier han er redd for at elevane kjem til å gløyma alt dei har lært av di dei må hjelpa til så mykje heime. Han oppmodar dei han møter til å lesa i lærebøkene når dei kan og å bruka det dei har lært.

Me må be om at det ikkje må gå for lang tid før skulane kan opna og at elevane må vera trygge mot smitte.

Voss kyrkjelyd støttar NMS/Det Norske Misjonsselskap sitt arbeid i Etiopia.



Frå stølen Botnen. Musikkinnslag ved Ellen Marie S. Geithung og Margunn Blikberg Nordgård.

Raundalen Sokneråd sin hausttur 2020

Av Johnny Lemme

Raundalen sokneråd hadde tur søndag 30. august. Denne gongen vart det biltur opp i høgfjellet i strålende ver.

Me starta turen frå Stalheim hotell og køyrde inn Brekkedalen til stølen Botnen. Dette er stølen til Giljarhus i Haugsvik. Her framførte Ellen Marie S. Geithung og Margunn Blikberg Nordgård flotte musikkinnslag, med stevsong, accordion og hardingfele. Dei få som var med på turen fekk oppleve musikkinnslag av høg kvalitet. Verkeleg flott var det. Ein ekstra dimensjon gav og natur opplevinga i høgfjellet i det strålende været.

Etterpå fortalde Einar Midtun litt om Per Sivle og framfødde forteljninga om Slumpelukko på ein svært flott måte. Reine skodespelarframsyninga.

Så køyrde me vidare på stølsvegen mot Jordalen der vegen på det høgaste ligg på ca. 1000 meter. Her var det ikkje råd å køyra for berre få veker sidan pga snø.

I Nosi i Jordalen hadde Cato avtalt med May-Ruth Nåsen Neteland at me skulle koma innom til ein kopp kaffi og kaker. Dette smaka forteffeleg.

Takk for ein flott tur.



Einar Midtun framfører «Slumpelukko»

Trusopplæring i kyrkjene våre

T-DAG

f Trusopplæringa i Voss

Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Voss.

Trusopplæringsdagane kallar me T-dagar. Målet er at alle døypte eller tilhøyrande i Den norske kyrkja skal bli inviterte til ein T-dag i kyrkja sin regi minst ein gong i året til dei fyller 18 år.

På desse sidene vil de finna informasjon om komande T-dagar, reportasjer frå det som har skjedd, oppgåver og konkurransar.

T₉ "På sporet av Heilag Olav" på Vossestrand



Det var ein regntung laurdag me la ut på pilgrimsvandring fra Oppheim kyrkje via den gamle kongevegen og ned til gamle kyrkjegarden på Vinje der pilgrimane fekk lappar og saft. Kolbein Ure var Heilag Olav denne dagen, og var med på turen og fortalde om dei ulike plassene på vegen. Både vaksne og born hadde en fin tur, med mange gode historier og forteljingar undervegs.

T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈

T₈/T₉ "På sporet av Heilag Olav" i Granvin

For første gang arrangerte me Pilegrimstur i Granvin sokn. No har alle alderstrinn frå 0–17 år frå Granvin eit trusopplæringstilbod på lik linje med dei andre sokna i Voss. Eit tilbod for attenåringane er under arbeid. Dette er svært kjekt, og me opplever at T-dagane vert godt tatt i mot.

På pilegrimsturen "vandra" me gjennom tusenvis av år, heilt frå Abraham si tid og fram til i dag. Det er særleg fokus på Heilag Olav og han si kristning av vossingane gjennom si ferd frå Folkedal, via Bordalen og ned på Vangen.



Heilag Olav utfordra borna i båtbyggjarkunsten



Me måtte sjølvstekt undersøke om båtane flaut.



Sjølvsagt kor hardt ein prøver, så kan ikkje dåpen vaskast vekk...



Dette var nok ein av dei våtaste T-dagane me har hatt, men kva gjer vel det når borna storkosa seg?

T₄ Utdeling av barnebibelen i Voss sokn



Når Vangsvatnet vaks og det vart over-
svømmelse var det berre ein ting å gjere
for løva, nemleg å ta gondolen opp på
Hanguren og kome seg om bord i Noahs
ark forast mogeleg. Heldigvis gjekk det
bra, og Gud lova at han aldri skal sende
så mykje vatn over jorda igjen. Det er regnbogen eit teikn på.
Med avgrensa og reserverte plassar klarte me å gjennomføre T₄
slik at fireåringane fekk utdelt kvar sin barnebibel i ei kort, men
tilpassa gudsteneste.




Løva ville så gjerne verte døypt, og
Rønnaug viste korleis ein ordentleg
dåp vert gjennomført. Men løva har
ikkje namn... Dette må borna i heile
Voss hjelpa oss med.

T₁₂ / T₁₃


Voss, Evanger, Raundalen og Granvin

Fredagen før haustferien var over 50 tolv- og trettenåringar samla i Vonheim. Det var movienight med filmen "Bruce Almighty", popkorn og deilige pizzabollar baka av frivillige og foreldre. Etter filmen var det quiz, leik og høg stemning.



T₄ Vossestrand

Det var godt oppmøte på T-4 dagen på Stronde. Heile 12 born møtte fram for å få barnebibelen denne dagen. Dei var aktivt med i gudstjenesta, særleg under preika, då presten var full av spørsmål som dei ivrig var med å svara på. Bondekvinnelaget hadde pynta kyrkja med haustens grøde og det vart servert kaffe og saft etter gudstjenesta.



Hei. Eg er den nye maskotten i trusopplæringa i heile Voss. Kanskje har du møtt meg? Eg kjem nok til å dukke opp både her og der, og det er veldig kjekt om du vil helse på. Eg er stort sett snill, men eg kan ikkje snakke. Derimot er eg god på å bevege meg. Kanskje forstår du kva eg meiner sjølv om eg ikkje lagar lyd?

MEN; eg har ikkje fått namn... Dette må alle born vere med å hjelpe meg med. Kva skal eg heite? Send gjerne inn forslag til kyrkjelydspedagog Camilla på 995 18 194, så set ho nok i gang ein konkurranse når ho har fått mange nok forslag.

T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈

Helgemesse og Allehelgengudsteneste

Sundag 1. november er det helgemessegudsteneste i alle våre sokn, der vi inviterer pårørende og familie til ei minnegudsteneste med rom for sorg og sakn.

For mange er helgemessesundag – allehelgensdag - ein minnedag, då tankane våre går til dei som ikkje lenger er mellom oss. Mange går til kyrkjegarden denne dagen, for å minnst dei som er døde og å tenna lys.

I gudstenesta vil vi minnst og lesa opp namna på dei som er gravlagde i sitt sokn sidan sist helgemessesundag, innramma av vakker musikk. For nokon har det nesten gått eitt år, for andre kortare tid, for dei fleste vil det opplevast som kort tid der saknet er sårt. Me ynskjer difor å invitera dykk til kyrkja på helgemessesundag.

- **Minnegudsteneste i Evanger Kyrkje sundag 1. nov. kl. 11.00.**
- **Helgemessegudsteneste i Raundalen kyrkje sundag 1. november kl. 17.00**
- **Helgemessegudsteneste i Vinje kyrkje sundag 1. november kl. 19.30**

- **Helgemessegudsteneste i Granvin kyrkje sundag 1. november kl. 19.30**
- **Helgemessegudsteneste for Voss i Vonheim sundag 1. november kl. 16.00 og kl. 18.00.**

• På Voss vert det sett opp to tidspunkt så me får plass til alle, grunna smittevern treng me å vite kor mange me blir. Me må difor ha påmelding på Voss til kva gudsteneste de ønskjer å kome på.

Påmelding innan 28. oktober til: post@kyrkja.no eller tlf. 56 52 38 80

Me må også registrere dei som kjem med namn og telefonnummer, etter gjeldande smittevernforskrifter. Desse listene blir berre bruka av helsemyndighetene ved behov for sporing av smitte, og blir makulert etter ti dagar.

De er alle hjarteleg velkomne!

Sokneprest Anders Hove og Diakon Sigrid Djukastein Mala

MISJONSSUNDAG

Av Sigrid D. Mala, diakon

Søndag 4. oktober var det misjonsgudsteneste med kyrjekaffi og misjonssamling i Vonheim. Den tradisjonelle misjonsfesten for NMS (det norske misjonsselskap) kvar haust vart i år ei misjonsgudsteneste med kyrjekaffi og misjonssamling, med mange samla i alle aldrar!

Tidlegare prest og misjonær i Etiopia, Tor Dag Kjosarvik, tok del i gudstenesta med preike, og med nytt frå misjonsprosjektet vårt i Etiopia.

I gudstenesta kom «løva» og ville helse på, saman med ungdomspresten vår, Vetle Leksbø, og ungdommar frå Refleks med dans og spel. Dei ønska alle borna velkomen på søndagskule i 2. etasje til stor glede!

Under kyrjekaffien informerte Tor dag Kjosarvik meir om utviklinga i Etiopia i dag og særleg frå Blånildalen, då han og kona var ute som misjonærar. Mykje har endra seg på denne tida, og det var svært innteressant å få del i. Han informerte også om NMS sin nye misjonsstrategi og om fokus på frivillighet.

Så vart det samla inn gåve frå kyrkjelyden på Voss til misjonsprosjektet landsbyutvikling i Agalo i Blånildalen. Takk til kvar og ein som gjer det mogeleg å fortsette det viktige arbeidet for menneske som treng å få det betre i kvardagen sin.

Hausttakkefest på Bolstad

Av Gunn Horvei

Sundag 11. oktober var det hausttakkefest i Bolstad kapell. Det var soknerådet, kvinne- og familielaget og bedehusstyret som laga til. Prest var Frode Kvamsøe. Vi hadde bønevandring med nattverd. Nydeleg song av av Hilde Fischer Stratton. Til slutt var det kyrkjekaffi og prat.



DUGNAD PÅ BOLSTAD BEDEHUS

Av Gunn Horvei

Det har vore dugnad på bedehuset i sommar. Vasking av veggjar og måling av gavl-veggen, som har fått ny kledning. Gangen nede har fått nytt golvbelegg.





Jolemessa i Vonheim 2020

Av Brit Furre

Ja, overskrifta stemmer. Det vert jolemesse i Vonheim i år og, trass i virus og vanskelege tider for sosialt liv. Det er alltid ein flokk med driftige damer og menn som brettar opp ermane og gjer ein kjempeinnsats for å få til arrangementet. Denne dagen er viktig for KFUK/KFUM Voss. Vi gler oss alltid. Kvifor er den så viktig, og kvifor tek så mange tak i denne jobben kvart år?

Svaret er enkelt.

Det er kjekt å samle mange vossingar i Vonheim. Det er triveleg å setja seg ned med ein porsjon av den gode heimelaga suppa frå Auro, og ein kaffikopp og eit ostekakestykkje og drøsa med ein kjenning. Det er alltid stor rift om dei beste jolekakene, det gode kjøtet frå Auro og jolegåvene du allereide da kan ordna.

Det er adventsstemming, og enno så pass lenge til jol, at folk ikkje er travle.....

For oss som driv ungdomsarbeid, er det og viktig å tena pengar for å dekke utgifter til hus og drift av laget. Det er rørende å sjå korleis vossingane verdsett det som skjer i huset, særleg på torsdagane, som er Refleksdag. Biskopen i Bjørgvin har nett vore på besøk, og han treivst og godt saman med ungdommane.

I år har vi fleire utfordringar enn vanleg. Det viktigaste er smittevern og halda meteren. Difor vert det ikkje akkurat likt som det var i fjor og året før. Organiseringa vert annleis. Det vert ikkje adventsstund med åresal, fordi me ikkje kan stua saman så mange menneske som det bruker å vera på denne delen av arrangementet. Men vi skal ha loddsal og ha mange fine vinstar på førehand og på dagen.

Vi må bruka plassen vi har i huset og laga god plass rundt alle aktivitetar. Me satsar på å laga det til ein triveleg dag.

Me håpar at du som les dette set pris på ungdomsarbeidet, og set pris på huset, som har mange små og store som nyt godt av alt det gode og kjekke som skjer i Open barnehage.

Velkomen til å bidra med å kjøpe lodd, strikke, sy eller bake noko til messa. Velkomen til å handla. Me gler oss, og me skal greie å halda meteren.

Me er takksame for alle som bidreg til denne dagen vert god.

Ta gjerne kontakt med Brit Furre 90687854 eller Ingrid H Tønnesen i Vonheim 48031200

Jostein Kringlebotten

Kva er bra med Voss – og kva kan bli betre?

Her er mange fantastiske tur- og naturområde. Det er eit vakkert landskap som trekkjer mange turistar. Alt dei har fått til med Ekstremsportveko er fantastisk, og den har trekt mykje folk til bygda og gjort den verdskjent.

Det burde bli lettare for unge (familiar) å etablera seg med husvære. Slik det er no, er det altfor dyrt å skaffa seg eigen bustad. Det burde vore bygt fleire rimelege ungdomsbustader, slik som det vart gjort i Karibyen på Tvildemoen.

Kva er viktige verdiar for deg?

At ikkje hudfarge eller tru skal bestemma kva for verdi eit menneske skal ha. Vi har sett døme på dette gjennom politivold, særleg i USA. Black-Matter-kampanjen har sett fokus på dette, men det har og hatt ein tendens til å verta einsidig, slik at no er det kvite som ikkje er viktige.

Kva tenkjer du om kyrkja sin plass i samfunnet?

Med kyrkja tenkjer eg på fellesskapet av alle kristne. At me alle er ein del av Guds verdsvide kyrkje. Nokon tenkjer kanskje at deira forsamling er viktigare og har meir rett tru enn andre. Eg skulle vona at det vart slutt på all krangling mellom kristne.



Fødd: 1976

Bustad: Bordalsvegen

Yrke: Reinhaldar

Familie: Singel

Interesser: Sjå fotballkampar, særleg Liverpool, brettspel, sjå filmar

Kva vil folk utanfrå tenkja om slikt? Eg meiner at det er viktig med einskap blant dei kristne uansett kva forsamling ein høyer til.

Kyrkja er og ein viktig samfunnsaktør. Det er viktig å hjelpa menneske som har det vanskeleg – uansett tru og hudfarge.

Kva betyr trua for deg?

Trua mi har vore til hjelp i mange vanskelege situasjonar. Eg kjenner at eg kan prata med Gud om alle ting. Det har gjort vanskaner lettare når eg har fortalt dei til Gud i bøn. Det har også vore ei god støtte å få snakka med andre kristne.

Eg har opplevd ein fred som berre kan erfarast sjølv. Ein fred som overgår all forstand, slik det står i Joh. 14, 27. Denne freden er ulik annan fred, t.d. fråver av krig. Den er nærast uråd å skildra med ord.

Eg er aktiv i Voss Bønehus. Her samlar folk frå alle kristne forsamlingar – og også frå andre land som Kenya og Nigeria. Her opplever vi bøn slik den vert praktisert i ulike kulturar. Vi ber for samfunnet, politikarar, for dei kristne forsamlingane – og vi har også forbøn for personar dersom dei ynskjer det.

Kven vil du utfordra til samtale neste gong?

Eg utfordrar Irene Skjervheim.

Grøn kyrkjelyd

Bytebua

Bytebua blir drive på eit reint idealistisk grunnlag. Den starta opp i 1961 ut frå organisasjonen Fremtiden i våre hender. Me tykkjer det er viktig å kunne bruka ting om att, og prøver på ddenne måten å vera eit alternativ til «bruk og kast»!

På Bytebua kan du kjøpa og selja brukte klede og anna som kan brukast om att. Me har rimelege prisar for at ALLE skal kunne bruka oss. Du treng ikkje ha noko å byta for å sjå innom og kjøpa på Bytebua.

Me tek imot FINE, REINE og HEILE barnre-, ungdoms- og vaksne-klede, og sel gjerne desse for deg, eller du kan gje dei som gåve til Bytebua. På grunn av liten lagringsplass, ynskjer me SESONGKLEDE.

Du kan sjølv bestemma prisen på kleda/tinga dine ved å leggja ved ei prisliste, eller om du vil så kan me på Bytebua setja prisen. Du får 50% av beløpet for dei kleda/tinga dine som er selte, og Bytebua får 50 % for å dekke faste utgifter som husleiga, straum og liknande.

Kleda vert hengandde i butikken i 3 månader, og vil du ha att noko av det som ikkje blir selt, må du sjølv kome inn og ta desse ned før dei 3 mnd er omme. Etter 3 mnd disponerer Bytebua fritt dei kleda/tinga som som ikkje er blitt selde eller henta. Desse vert

då gjevne til Fretex, andre veldedige formål eller nedprisa som gåva til Bytebua. På denne måten er DU med på å hjelpa dei som har det vanskeleg, og du hjelper oss å driva Bytebua. Oppgjer vert sendt over bank, og me har utbetalingar i april, juli, oktober og desember/ januar.



Bytebua har ikkje erstatningsansvar for det me tek imot med omsyn til brann, innbrot og anna skade. Me som jobbar på Bytebua har ikkje løn. Me brukar fritida til å ta oppgjeret, prisa, rydda, hengja opp og ta ned klede. Så det er ikkje alltid kleda/tinga dine vert prisa og hengt opp med det same dei vert innlevert.

Me vonar at så mange som råd vil selja og kjøpa gjennom oss, for me har mykje fint og rimeleg til både liten og stor. Kontant betaling eller via VIPPS.

Bytebua finn du i kjellaren på Voss Ungdomshall – vis-a-avis Sparbutikken midt på Vangen. Adressa er Uttrågata 18, 5700 Voss.

Opningstidene er onsdagar kl. 13-16, torsdagar kl. 14-18 og laurdagar kl. 11-15.

TENK MILJØ – KJØP BRUKT! HJARTELEG VELKOMEN TIL BYTEBUA!

Du finn oss i Sverresplassen 6, 2. etg.



VESTLAND
TRAFIKKOPPLÆRING



VOSS PRENTEVERK

MARKNADSFØRING - VISUELL PROFIL - WEBDESIGN
TRYKKSAKER - MERKEVAREBYGGING

☎ 56 52 04 40 ✉ post@prenteverket.no



Vekselbanken

- ein god medspelar -

Telefon 56 52 35 00

- med tilbod til liten og stor



Voss Bokhandel

Vangsgata 27, 5700 Voss
Tlf. 56 51 11 16

Din røyrliggjar i sentrum

Snakk med
Comfort

Helge Nikolaisen A/S

Installasjon - Service - Vedlikehald

Velkomen i butikken!

Tlf. 56 51 26 28

Vangsgt. 4, 5700 Voss




Voss Energi
-rein vossakraft!

O.L.KYTHER AS
entreprenør

Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo
Tlf. 56 52 38 60

AZETS

Azets Insight AS avd. Voss
Evangervegen 3, 5704 Voss
Autorisert regnskapsførerselskap
visma.no/outsourcing



KIWI mini pris

Kiwi Vangen
Tlf. 56 51 27 35

Pianostemmer Voss

På tide å stemme
pianoet?



pianostemmervoss.no Tlf. 99 43 53 36

VI ER HER.
ALLTID.

 **KIRKENS
SOS**
22 40 00 40

**MYRK
DALEN**

myrkdalen.no

**Me ordnar alt
vedrørende dødsfall**
Sal og service av gravmonument - Formidling av blommar
VIRKE GRAVFERD Vinsands
GRAVFERDSBYRÅ
Telefon 56 51 11 94 - Telefax 56 51 30 67

**SELSKAP I
HNV VOSS - KONERNET**

HNV Bilsenter AS tlf. 56529150
HNV Maskin AS tlf. 56529130
HNV Servicestasjon AS tlf. 56529180

GRAVSTEIN

Nye gravmonument,
tilføyningar og oppussing - ta kontakt med:

STEIN & MERKE
Per Vinje - Tlf. 56 51 69 88 - 908 52 099

joker
- helt i nærheten

JOKER GRANVIN
Hardangervegen
5736 Granvin
Tlf. 56 52 54 00

Velkommen til en hyggelig handel

**Nordhordland
Begravelsesbyrå AS**

Ring oss på tlf. 56 37 14 10
eller sjå www.nordh-bb.no

*Stort utvalg
i blomster og
gravminne!*

KYRKJEVEGEN 1
5911 Alversund

FREKHAUG:
Havnevegen 31,
5918 Frekhaug

AVD. VAKSDAL:
Tlf. 56 99 25 70

Me går saman med deg heile vegen



**VOSS
SPAREBANK**

- skapar verdiar for deg og lokalsamfunn

www.vossabanken.no - 56 52 03 00

**VAKSDAL BLOMSTER OG
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.
Kransar, oppsatsar og bærebukettar
fritt levert til gravferda.
Gravmonument.

Tlf. 56 59 74 70 - Mobil. 911 79 766

Døypte



Voss Sokn

13.09. Åsne Ringheim-Hustveit
13.09. Oliver Dæmring Harila
13.09. Eline Stadheim Bjørgum
20.09. Sanna Anita Birkeland Nestås

Granvin

14.06. Simen Fjellheim Bolstad
14.06. Edvard Gåsøy
23.08. Oskar Østerbø Jørdre
04.10. Magnus Halvorsen Seim

Raundalen

22.08. Sofie Eikefjord Sleen (retting frå sist nr.)
20.09. Odin Hirth Opkvitne

Vinje

09.08. Olai Almeland Bidne
16.08. Sunniva Tveito Mørkve
16.08. Knut Walle Mørkve
03.10. Anna Hommedal
03.10. Adelen Hirth Lillehaug
03.10. Naomi Seim-Rio
03.10. Sunniva Gilbakken

Oppheim

07.06. Magnus Bidne
04.10. Dexter Vinje
04.10. Vetle Tveite Bidne
04.10. Aurora Kilen Samdal

Vigde



Vinje kyrkje

03.10. Astrid Gilbakken og Sjur Gjøstein Lid

Gravlagde



Voss

11.09. Elin Elvemo, f. 1964, d. 18.08
11.09. Knut O. Olde, f. 1935, d. 31.08
18.09. Ingeborg Norheim, f. 1928, d. 10.09
18.09. Inger Elena Rørlien, f. 1932, d. 04.09
25.09. Alfred Geitle, f. 1935, d. 12.09
25.09. Leif Bø, f. 1939, d. 14.09
29.09. Sjur Velken, f. 1931, d. 21.09
30.09. Agnar Norheim, f. 1937, d. 18.09
30.09. Aslak Olav Giljarhus, f. 1953, d. 22.09

Raundalen

15.09. Anders Slettemark, f. 1932, d. 05.09

DÅP I DEN NORSKE KYRKJA

Slik føregår barnedåp hjå oss:

1. Foreldre/føresette melder barnet til dåp, gjerne via nettsida vår.
2. Presten tek kontakt for å avtale ein samtale, ofte nær dåpsdatoen.
3. Dåpssamtalen er eit uformelt møte der ein vert kjend med kva dåp er og kva kyrkja tilbyr vidare i livet.
4. Dåpen. I dåpen vert barnet Guds barn, medlem av Den norske kyrkja og tatt i mot av kyrkjelyden.
5. Dåpsattest er eit dokument foreldra får som viser at barnet er døypt.



Me ynskjer alle velkomne til dåp hjå oss, og me står gjerne til teneste, t.d. kan ein låne dåpskjole hjå oss (sjå bilete). Ta kontakt på tlf 56 52 38 80 eller sjå på nettsida www.voss.kyrkja.no/dåp

GUDSTENESTELISTE

Vonheim/Vangskyrkja:

- 01.11. kl. 16.00 og 18.00 Minnegudsteneste,
Hove m.fl. Vonheim.
08.11. kl. 11.00 Gudsteneste. Vikar. Nattverd.
Vonheim
15.11. kl. 11.00 Fellesgudsteneste, Kristent
kontaktforum (i Nain?)
22.11. kl. 11.00 Gudsteneste. Hove. Nattverd.
Vonheim.
29.11. kl. 11.00 Gudsteneste. Hove. Nattverd.
Vangskyrkja.

Evanger kyrkje:

- 01.11. kl. 1100 Minnegudsteneste. Kvamsøe.
Takkoffer til Kirkens SOS i Bjørgvin. Kyrjekaffi.
15.11. kl. 1300 og 1400 Dåpsgudstenester.
Kvamsøe.

Bolstadøyri kapell:

- 15.11. kl. 1100 Gudsteneste. Kvamsøe. Takkoffer
til Stefanusalliansen. Kyrjekaffi.
29.11. kl. 1100 Familiegudsteneste. Kvamsøe og
Velsvik. T3, 4 og 5.

Oppheim kyrkje:

- 01.11. kl. 1930 Helgemesse. Torsvik.
29.11. kl. 1930 Lysmesse. Torsvik og
konfirmantane. Takkoffer til søndagsskolen.

Vinje kyrkje:

- 08.11. kl. 1100 Familiegudsteneste. Torsvik. T5
jolekrybbeverkstad. Takkoffer til kyrkjelyden
sitt arbeid for born og unge.

Jordalen kapell:

- 22.11. kl. 1100 Gudsteneste. Torsvik. Takkoffer til
Tro og Media.

Raundalen kyrkje:

- 01.11. kl. 1700 Helgemesse. Torsvik.
22.11. kl. 1600 Familiegudsteneste. Torsvik.
T3-4-5 etter gudstenesta.

Granvin kyrkje:

- 01.11. kl. 1930 Minnegudsteneste. Haaland.
15.11. kl. 1100 Familiegudsteneste. Haaland.
T3 og T4.

AKTIVITETSKALENDER

T-dagar:

- T5** «Jolekrybbeverkstad» i Vinje kyrkje for Oppheim og
Vinje sokn søndag 8. november
T5 «Jolekrybbeverkstad» i Granvin kyrkje laurdag 14.
november
T4 «Utdeling av Bibelen for små og store» i Granvin kyrkje
søndag 15. november
T5 «Jolekrybbeverkstad» i Vonheim for Voss sokn måndag,
tysdag og onsdag 16. – 18. november
T11 «Lys vaken» i Evanger kyrkje fredag 20. november
T11 «Lys vaken» i Oppheim kyrkje fredag 20. november
T3 «Undretur», T4 «Utdeling av Bibelen for små og store»
og T5 «Jolekrybbeverkstad» i Raundalen kyrkje søndag 22.
november
T3 «Undretur», T4 «Utdeling av Bibelen for små og store»
og T5 «Jolekrybbeverkstad» i Bolstadøyri bedehus søndag
29. november

Med atterhald om at smittesituasjonen er under kontroll.

Seniortreffa:

- 10. November:** Minne frå krigen
8. Desember: Program ikkje fastsett enno

Salmekveld:

- 24. november:** Salmekveld/ynskjekonsert i Vonheim. Har
du ein salme du ynskjer å høyra? Send ynskjet ditt til
kantor Astrid Gjestvang på e-post ag678@kyrkja.no eller
tekstmelding til 95856414.